



## Notat

Dato: 22.01.2019  
Arkivsak: 2017/16384-2  
Saksbehandlar: catmell

---

**Til:** Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet  
Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Nye/reviderte retningsliner for oppdragsverksemd

Fylkesrådmannen viser til sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2"» i fylkestinget 8. mars 2018 der fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

Eitt av oppfølgingspunktata frå forvaltningsrevisjonen var at det vart tilrådd å utarbeide og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift. I sak PS 13/18 «oppdragsverksemd organisering av ekstern kursverksemd», også handsama i fylkestinget 8. mars 2018, vart det vedteke at nye og/eller reviderte retningsliner og rutinar for oppdragsverksemda som vart tilrådd utarbeidd etter forvaltningsrevisjonen, skulle handsamast i Utval for opplæring- og helse.

Fylkesrådmannen laga i mai 2018 handlingsplan til kontrollutvalet. Handlingsplanen viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, kven som skal ha ansvaret for iverksettinga og frist for iverksetting. Det vart etablert ei gruppe med representantar frå økonomi- og organisasjonsavdelinga og opplæringsavdelinga som skal sikre at tiltaka i handlingsplanen vert gjennomført. Etter at handlingsplanen vart laga, har arbeidet med etablering av Vestland fylkeskommune kome skikkeleg i gang. Dette arbeidet syner at mange av oppfølgingspunktata i handlingsplanen vil vere naturleg å behandle i samband med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har difor utsett arbeidet med handlingsplanen slik at det fell samtidig med arbeidet med nye rutinar for Vestland fylkeskommune.

Utarbeiding av nye og/eller reviderte retningsliner og rutinar som skal gjelde for Vestland fylkeskommune, er varsla levert i 4. kvartal 2019.